



Kunsthistorikar Gunnar Danbolt vil snakka om Jula i kunsten på møte i Senioruniversitetet.

Kvinnherad Senioruniversitet inviterer til ope møte torsdag 12. desember kl. 11:00 på Rosendal Fjordhotell. Denne gongen er det kunsthistoriker Gunnar Danbolt som skal gje oss eit innblikk i kva jula har betydd for kunsten, og korleis dei same motiva har endra seg over tid. Det vert i forkant av førelesinga minikonsert med Uskedal Musikklag.

I boka Jesu fødsel - bildet og beretningen, som Danbolt skreiv i 1998 saman med Henning Laugerud, tok dei lesarane med på ei vandring gjennom verdenskunsten og korleis Jesu fødsel har vore motiv opp gjennom åra. Danbolt har også skrive Norsk kunsthistorie, som har kome ut i fleire utgåver. Boka følgjer bilde og skulptur i Noreg frå førhistorisk tid og heilt fram til samtidskunsten i vår tid.

Gunnar Danbolt

var professor i europeisk kunsthistorie ved Universitetet i Bergen. Han har arbeidd mykje med kunstteori og kunstpedagogikk, og er fortsatt ein aktiv formidlar som har spreidd kunnskap om kunst og kunstproblem både i forelesingar og gjennom ulike medier. Han er òg kjent for sin medverknad i NRK P2s radioprogram *Kunstreisens* saman med Nina Skurtveit.

Danbolt har blant anna motteke Meltzers Høyskolefonds Forsknings- og Formidlingspris (2007) og blei same år utnemnt til riddar 1. klasse av St. Olavs Orden for sin innsats som kunstformidlar.



[Uskedal Musikklag vil før sjølve førelesinga ha minionsert med mellom anna juletonar.](#)

Før Danbolt slepp til, vil Leif Guddal fortelje om oppstarten av Kvinnherad Senioruniversitet for 10 år sida. Det vert som vanleg på senioruniversitetet sine møte i desember etter føredraget servert ein betre lunsj med kaffi. Og vi må ikkje gløyme det sosiale samværet og den gode drøsen etterpå.

Møta i Senioruniversitetet er opne for alle interesserte som har høve til å delta på arrangement midt på dagen. Vel møtt.

Tekst/foto. Pressemelding
Foto/nett: Kristian Bringedal